

Laurdags- gjesten

Oddvar Sandtorv

SIDE 10 og 11



Måtte bryta

Erik Tysse fekk mageproblem og kom seg aldri til mål under 50 km i VM i Berlin i går. 28-åringen braut etter vel 30 km. TIF Viking-utøvar Trond Nymark tok sølv.

SIDE 23

Renn dyrelivet ut i sanden?

Helge Haukeland fryktar at for mykje tilkøyr sand i vikane i Os kan få konsekvensar for dyrelivet. «Os og Fusaposten» var med Haukeland på ein inspeksjonstur.

SIDE 12 og 13



Bryggemoro i Eikelandssosen

Danseglade fusingar får komande helg høve til å svinga seg litt på bryggjekanten i Eikelandssosen, når Kaféen te Gro inviterer til bryggedans.

SIDE 11

Folkemøte om utbygging

Opposisjonspartia inviterer til folkemøte om byggeaktiviteten i Os i Fjellheim i morgon. Bakgrunnen for møtet er at det har vore ein kraftig auke i talet på motsegner i plan- og byggesaker i Os.

SIDE 3

Yngste lands- lagsutøvar

15 år gamle Amund Bjørnevik er teken ut på det norske laget som skal ro firar utan styrmann i Baltic Cup i haust. Bjørnevik vert dermed den yngste roeren frå Os Roklubb som debuterer med flagget på brytet.

SIDE 24

ORDET FRITT I DAG:

Gunnar Kvåle: Sju gode grunnar

Kristian Strønen: Snu på fisken!

Ingrid Netland: Sp og formuesskatten

Lars Hernes: Var det eit redaksjonelt arbeidsuhell?

Terje Raunsgard: Endeleg apotek i Fusa!

BROMSE
HÅGSENER
9 28 28 10 10
7 28 28 10 10
Haust-
sal!
1/2
pris på alt
Ope: Laurd: kl. 10 - 15

Gratulerer med dagen, Os!



Båtbyggjarane i Oselvarverksnaden, fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg, Nilsmar Seeth med plaketen, generalsekretær i Rednings-selskapet Øyvind Sæne og Harald Dalland med blomane i armene var blant dei framme ved den offisielle seramonten i går. (Foto: Cathrin Russeen)

I går kom det heim – det synlege beviset på at oselvaren er Noregs nasjonalbåt. Og mange gjester hadde møtt fram for å gratulera oselvarmiljøet og Osbygda med tittelen.

SIDE 5

Krev lovlegkontroll

Kommunestyregruppa til Fusa Framstegsparti har formelt fremja krav om lovlegkontroll av utskrivinga av eigedomsskatt i Fusa.

SIDE 2

www.OCUS.no

ORCUS

Din lokale bemanningspartner!

Søker eller medarbeidere innen:
Regnskap/økonomi – Konstruksjon skipsutstyr –
Lager-/truckmedarbeidere – Produksjonsmedarbeidere
Ta kontakt, ring ORCUS på tlf. 922 99 200 eller registrer din
CV på www.ocus.no – velg Bergen eller Os.
Kontor: AMFI OS og LAGUNEPARKEN.



7 043432 312313

OS & FUSA POSTEN

Besøksadresse: 4. hogda i Handlegården, Osøyro Postboks 273, 5203 Os

Telefon: 56 30 29 50 Faks: 56 30 24 77

E-postadresse: post@osogfusa.no



Utan deg ville det aldri gått, seier Rune Søvik til kona Torbjørge, som fekk sin del av æra for at tittelkampen enda som han gjorde.

Gratulasjonar frå stor-fint besøk

I går vart oselvaren offisielt Noregs nasjonalbåt. Hendinga vart markert med ein høgtideleg seremoni og overrekking av plakett blant ei lang rekkje prominente gjester.

Cathrin Rustøen
cathrin.rustoen@osogfusa.no

Kultursjef i Os, *Lisbeth Axelsen* leidde forsamlinga på eit femtitals personar med stø hand gjennom den to timar lange markeringa. Gratulantane stod i kø, og det vart formidla helsingar frå både statsråd og menigmann.

Redningsselskapet sine ut-sendingar kom standsmessig sjøvegen med redningsskøyte, kommunetoppene var velkomstkommité saman med eldsjeler i Oselvarlaget.

Åsmund Lien, dagleg leiar ved Oselvarverkstaden, sparka det heile i gang med eit kjærleiksdikt til oselvaren, for *Kjell Magnus Økland* gav tilhøyrarane ein leksjon i søga om oselvaren.

Takka bygda

Ordførar *Terje Søviknes* nytta høvet til å takka bygda for engasjementet og mobiliseringa. Redningsselskapet for karinga, Oselvarverkstaden som tradi-

sjonsberar og kunnskapsformidlar, eldsjelene i oselvarmiljøet generelt for koordinering i samband med karinga, og *Rune Søvik* spesielt.

Søviknes nytta også høvet til å takka Åfjord for tevlinga. Dei to kommunane vil halda fram i fellesskap med å halda fokuset oppe på båtbyggjartradisjonar og kystkultur. Det er også av-talt kapproing mellom båtane, kunna han opplysa. Axelsen var snar med å føreslå at det var ordførarane som då måtte setja seg på tuftene og ta eit åretak.

Blir mjuk i augene

Statssekretær ved statsministerens kontor, lysefjordingen *Per Jordal*, gratulerte ikkje berre på eigne vegner, men også frå kulturminister *Trond Giske*, som angjeveleg sjølv gjerne skulle vore til stades på Os i går.

Jordal meinte det var viktig at ein no tek tak i kystkulturen, og set søkjelyset på denne sida av historia og kulturarven.



Varaordførar *Børge Lunde*, fylkesordførar *Torill Selvsøll Nyborg* og statssekretær *Per Jordal* meinte oselvaren var ein verdig vinnar av nasjonalbåt-tittelen.

Som nabo til *Rune Søvik* hadde han ved sjølvsyn sett kor mykje arbeid og engasjement som ligg i å halda tradisjonsbåtkulturen i hevd.

– Og ein vert litt mjuk i augene når ein ser på ein oselvar, slo han fast.

Ei merkevarer

Fylkesordførar *Torill Selvsøll Nyborg* meinte oselvaren er ei merkevarer både for Os og resten av Vestlandet, og er glad for at det vart oselvaren som drog sigeren i hamn. Fylkeskommunen har støtta Oselvarverkstaden sidan byrjinga, og meiner det er med på å halda dei kulturhistoriske rotene til kystfolket ved like.

– Kanskje vert vi meir bevisste på å bruka oselvaren framover som symbol for kultursatsing i presentasjonar av regionen og fylket, meinte ho.

– Oselvaren er eit smykke vi er stolte av å bera. Hordaland fylkeskommune er oppteken av å ta vare på smykket. Det er store kulturverdiar i båten.

Blomane ho hadde med seg gav ho til *Harald Dalland*, ei av eldsjelene i oselvarmiljøet.

Verdig representant for kystkulturen

Generalsekretær i redningsselskapet, *Øyvind Stene*, fortalde at med denne karinga har Noreg fått ein verdig og god representant for kystkulturen og båtbyggjartradisjonen i Noreg.

Han hadde vona *Colin Archer-skøyta* skulle klatra til tops, men den var utan ein sjanse vedgjekk han.

– Med denne karinga har vi fått den merksemda vi ville, og sett fokus på tradisjonsbåtene i samband med Kulturåret.

– Eg er viss på at oselvaren

vil bera tittelen med verde langt fram i tid. Eg har skjont at det er mange "mr. oselvar" her i bygda, men ein av dei, *Nilmar Søvik* skal få ta imot plaketten, på vegner av Oselvarlaget.

Søvik heldt ein flott takketa-le, og slo fast at plaketten vil ta seg fint ut på loftet i Oselvar-naustet.

– Heile Vestlandet har engasjert seg for oselvaren, noko som er svært gledeleg – men det skulle berre mangla! var ein av dei mange gode kommentarane hans.

Innimellom desse talarane fekk lokale eldsjeler, filmska-parar og organisasjonane kring oselvaren koma med sine takkehelsingar, historier og for-maningar. Ispeidd ei flott kake som toppa feiringa, vart det eit fint og verdig arrangement til oselvaren og miljøet rundt si ære.



Representantane frå Redningsselskapet kom standsmessig til Os.



Rune Søvik i Oselvarlaget og ordførar *Terje Søviknes* har arbeidd godt i team for å henta nasjonalbåt-tittelen heim.